



17.06.2013

Finansdepartementet
Skattelovavdelinga
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo

Merknad til høyringsuttalelse om oppheving av fråkokoblingsreglane i kraftverkbeskatning.

Ettersom det er oss som er bakgrunn for denne høyringsuttalelsen finn vi det rett å kome med ein merknad sjølv om vi ikkje er med på adresselista for høyringsinstansar.

Innleiingsvis vil vi støtte opp under intensjonen om eit mest mogeleg nøytralt grunnrenteskattesystem.

Vi har ikkje sterke meiningar om fråkoblingsbestemmelsane og innrømmer gjerne at dette er skattemotivert, ei tilpassing til dagens skattereglar som alle både private og bedrifter gjer. For oss er det eit spørsmål om å overleve under dagens skattesystem. Då Byrkjelo Kraftverk vart bygt uttalte konsultentselskapet Multiconsult som er eit av landets to største innanfor bransjen at dette var den mest lønsame større utbygginga i seinare år, men trass i god og kostnadseffektiv drift er det vanskeleg å kome ut med overskot etter skatt. Dette trass i at vi dei første driftsåra hadde store negative framføringar og har hatt ei fantastisk god avtale med straumkjøpar som no er gått ut og som vi nok aldri vil få igjen.

Vi er eit aksjeselskap der vi innanfor vår horisont under dagens skattesystem er sjanselause på å opparbeide ein stor nok eigenkapital til å betale ut utbytte til eigarane, ein konkurs er langt meir truleg.

Då vi hadde bygt dette kraftverket i 2007 hadde det ein særst høg marknadsverdi, men etter skatteskjerpelsane siste åra er den nærmast null.

Fråkoplinga som vi har gjort er klarert med skatteetaten og vi har hatt ein god del kostnader med dette og var komt nesten fire mnd. på veg med tilpassinga då vi vart tipsa om høyringsnotatet. På den bakgrunn finn vi det høgst urimeleg at endring i skattereglane vert gjort gjeldande for inneverande år.

Vi ser at dette mest truleg vert gjennomført slik departementet gjer framlegg om, men vi ber om at endringane ikkje vert gjort gjeldande for 2013.

Vi vil til slutt oppmode om at de tar ein kikk ut i vårt vakre og langstrakte land og gjere tankar om kvifor det så godt som ikkje lenger vert bygt slike kraftverk, og dei få som vert bygde er det store konsern som står bak. Berekningar viser at det vert ulønsamt.

Norconsult presenterte på Småkraftmessa (trur eg det var) berekninga som viste at det var ulønsamt med utbygging mellom 5 500 og 10 000 KVa. dei hadde ikkje teke stilling til kva grensa går for utbyggingar over denne grensa.

Med venleg helsing

Byrkjelo Kraft AS – vist nok landets største privatbygde og privateigde kraftverk.

v/Atle Støyva
6826 Byrkjelo
Tlf 99299571, e-post atle-sto@online.no